



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Dykkar ref.
18/1437

Vår ref.
18/4934 - PHV

Dato
06.12.2018

Høyring - forskrifter til gjennomføring av tredje energimarknadspakke

Vi viser til Olje- og energidepartementets brev 20.09.2018 med vedlegg.

Justis- og beredskapsdepartementet har følgjande merknader:

Når noko alt står i ei lov, bør det generelt ikkje repeterast i tilknytte forskrifter. I framlegget til ny forskrift om nettregulering og energimarknaden og endringar i fleire av forskriftene til energilova er det mange gjentakningar frå lova. Vi nemner som eksempel det som står i framlegget til forskrift om nettregulering og energimarknaden § 3-1 fyrste ledd, § 4-11 og § 7-1 fyrste ledd. Dette vil gå fram av høvesvis energilova § 3-3, § 4-2 fjerde ledd og § 4-10 fyrste ledd, slik desse føresegnene vil lyde etter at den vedtekne lovendringa tek til å gjelde. Forskriftsframleggast bør såleis gjennomgåast med tanke på dette.

I framlegget til forskrift om energiklagenemnda § 3 andre punktum er det fastsett ein frist for å ta ut søksmål om vedtaka til energiklagenemnda. Vi stiller spørsmål om det er heimel for å fastsetja ein slik frist. Vi har ikkje nokon alminnelig frist for å gå til sak om forvaltningsvedtak i norsk rett. Retten til å gå til sak om forvaltningsvedtak byggjer på reglar i forvaltningslova og tvistelova. Vi gjer særleg merksam på at energilova § 10-6 fyrste ledd og naturgasslova § 13, slik desse vil lyde etter at dei vedtekne lovendringane tek til å gjelde, berre opnar for å gje forskrifter til «gjennomføring og utfylling» av energilova og naturgasslova. Formuleringa indikerer at føresegnene ikkje gjev heimel for å fråvike rettar som byggjer på andre lover. Ei føresegn av den typen som framlegget her gjeld, vil i alle tilfelle truleg krevja ein meir presis heimel enn det som følgjer av dei nemnde føresegnene.

Vi nemner dessutan at når ein fastset ein søksmålsfrist, bør ein vurdere om det òg bør gjevast reglar om oppfrisking, slik det til dømes er gjort i forskrift om husleigetvisteutvalet § 15 andre ledd.

I framlegget til forskrift om gjennomføring i norsk rett av EØS-avtala vedlegg IV nr. 47 og forskrift om endring i forskrift om gjennomføring i norsk rett av EØS-avtala vedlegg IV nr. 20 står det fleire stadar «Norges vassdrags- og energidirektoratet v/Reguleringsmyndigheten for energi». Denne formuleringa gjev inntrykk av at Reguleringsstyresmakta for energi berre opptre som ein representant for Noregs vassdrags- og energidirektorat, men meininga er vel at Reguleringsstyresmakta for energi skal opptre som ei eiga og sjølvstendig eining, administrativt underlagt direktoratet. Det bør difor heller berre stå «Reguleringsmyndigheten for energi» her.

Med helsing

Harald Aass
fagdirektør

Per Hvattum
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent og blir sendt utan signatur